

Møtebok Fjordvegen Riksveg 13

Styremøte 05.06.2023 kl 11.00 - 15.00 Hotel Ullensvang, Lofthus

Deltakarar: Marta Sofie Vange, Toralv Mikkelsen, Kristoffer Amdal (til kl 14),
Anita Husøy Riskedal, Gerd Helen Bø.
Vara: Roy Egil Stadheim. Ingvald Torblå deltok på link.

Ikkje tilstades: Roald Aga Haug
Sekretariatet: Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo

Varamedlemmer møter etter særskilt innkalling

Agenda:		
11.00 – 12.00		Sakshandsaming
12.00 – 12.30		Orientering v/Statens vegvesen på link: Irene Hegre og Rolf Anders Tønder Svensson
12.30 – 13.15		Lunsj
13.15 – 14.15		Sakshandsaming
14.15 – 14.45		Orientering v/Nye Veier på link: Håkon Lohne, Kristian L. Karlsen og Jon Rinde
14.45 – 15.00		Sakshandsaming

Det vart bemerkta frå administrasjonen at fleire dokument er ettersendt 1.6. og 3.6.

Orientering om status og dialog med Statens vegvesen:

Midlar kjem frå driftsbudsjettet. Relevante punkt under drift og vedlikehald samt mindre utbetringar på strekket Søre Ryfylke – grense Vestland vart gjennomgått. Primært gjeld det tre svingutbetringar samt rekkverk og andre mindre utbetringar som t.d. kviting av mørke tunellar. Opning av oppgradert Nasjonal Turistveg-punkt Flesefossen, Brattlandsdalen skjer 7.6.2023

Også noko større tiltak som SVV framleis har ansvar for i nordre del under drift/vedlikehald (Kyrkjeneset-Bjotveit, Kinsarvik-Kyrkjeneset samt Bondevik-Fardal) vart orientert om. Det vart bemerkta og retta opp at tiltak skjer på strekket frå Ringøyviki og ikkje heilt frå Kyrkjeneset. Første lag med asfaltering startar no for Hardanger-strekka.

Presentasjon er vedlagt.

Orientering om status og dialog med Nye Veier:

Tiltakspunkt Byrkjeneset har vore gjennom kommunal behandling, optimalisering er gjennomført hjå NV og er allereie overført utbyggingsavdelinga.

Overordna strekningsanalyse for heile strekket Skare – Sogndal er gjennomført og delt i fem delstrekk. Kvalitative vurderingar er utført og andre moment er vurderte, m.a. velferdsgevinstar ved utbetring av rasstrekk.

Grov-prioriteringa har starta, og dei fleste møte med kommunane er gjennomført med unntak av Vik.

Vikafjellet vart status informert om på årskonferansen 17.4.2023 (Presentasjon på fjordvegen.no). Pr dato har ikkje NV fått signal frå samferdselsdepartementet om midlar. Fleire feil i bestilt rapport om Vikafjellet skal rettast opp.

Nye Veier blir bedt om å arrangera fleire orienteringsmøte for lokalbefolkninga ettersom planarbeidet går framover.

Presentasjon er vedlagt.

Sak 22/23 Påverknad vedr. politisk handsaming av NTP-uttale i fylkeskommunane Rogaland og Vestland

Utsendt utkast til uttale frå Fjordvegen Riksveg 13 vart gjennomgått. Uttalen skal sendast til frist 3.7.2023, og kan justerast om nødvendig etter kontakt med styret fram til då. Vestlandsrådet er og svært aktuelt å kontakta for deira uttale etter fylkeskommunane sine vedtak, der me ønskjer at rv 13 skal bli nemnt.

Samrøystes vedtak:

Uttalen er vedteken med følgjande endringar:

- Kulepunkt 6 om rv 13 Vikafjellet vert endra til tekst som vist i innstilling pkt. 5a frå Samo Vestland i møtet 30.5.2023.
- Kulepunkt 7 om Rødsliane vert teke ut.

Sak 23/23 Påverknad mot Nye Veier AS vedk. prioritering av Rv13-prosjekt med oppstart i 2024.

Saka vart drøfta etter orienteringa frå Nye Veier. Pga brei portefølgjestyring av prosjekta er påverknad for auka framdrift vanskeleg.

Innspel:

Det er viktig å klarleggja kven som arbeider for at det vert sett av meir midlar til Nye Veier/ rv 13 i det vidare.

Fokus må vera på at dei 3 mrd som er avsett vert brukt snarleg.

Standardval og omsyn til store køyretøy (modulvogntog) må påaktast for utvalde strekk.

Saka er teken til orientering.

Sak 24/23 Arendalsuka 2023

Administrasjonen orienterte om status og detaljar gitt frå ansvarleg arrangør for debattmøte 17.8. Nasjonal rassikringsgruppe, epost frå Marius Chramer av 25.5.

Toralv Mikkelsen deltek for Fjordvegen med kort innlegg om riksveg 13 sine behov og utfordringer og i debatt i del 2 av dette programmet. Sentrale politikarar er tinga av arrangør. Jostein Eitrheim deltek som støtte.

Ny Fjordvegen-logo er levert og skal på felles vegg hjå OFV.

Fleire frå styret reknar å vera i Arendal under debatten og elles: Marta, Kristoffer og eventuelt Anita.

Det er mogleg å få nytta sentrale møteromsfasilitetar som Sognesamarbeidet har leigd ved behov.

Saka er teken til orientering

Sak 25/23 Møteplan styremøte hausten 2023

Valet i september gjev erfaringsvis seint val av nye representantar frå fylka.

Siste innlevering frå fagetatane til NTP er i månadsskifte september/oktober.

Vedtak:

Tysdag 31.10.2023 Fysisk møte, Ullensvang

Sak 26/23 Status for prosjekt langs Rv13 v/styremedlemmene

Nord v/Marta S. Vange: (Prosjektet nemnt før) Bondeviki-Fardal: er snart avslutta pga pengemangel.

Midt v/Toralv Mikkelsen: Håra – Brattlandsdalen. Her blir ikkje jobba særleg med skredsikring men andre mindre tiltak, dette verkar ikkje som fornuftig ressursbruk.

Sør v/ Gerd Helen Bø: Planteikningane frå SVV Rødsliane er justert ved å prøvd å få stigninga redusert ved sving, men med det blir tunellen uansett lengre
Reguleringsplan-situasjonen er uavklart då to planar ikkje kan gjelda for same område.

Anita H. Riskedal: Utbetring av tre 180 gr svingar i Hjelmeland er omfattande og synest ressurskrevjande i høve forventa betring.

Saka er teke til orientering.

Sak 27/23 Innmeldte saker/Ymse

Ingen saker innmeldt

Lofthus, 05.06.2023

Hanne Sundbø
referent.